



Viktig avtale er inngått og Hugo Strand og Svein Arne Eidsvik markerer det

Endelig kjem ei gledesmelding frå Uskedalens tidlegare største produksjonsbedrift Eidsvik: Valet fell på Eidsvik Eigedom då Fitjar Mekaniske Verkstad skulle inngå kontrakt om leigeavtale for å skaffa plass for skrogbygging og utrustning av arbeidsbåtar til til oppdrettsnæringa. Avtala gjeld ut dette året, men inneheld også opsjon på forlenging. Båtane vert frå 12 til 25 meter lange. Kapasiteten på Fitjar strekk ikkje til å dekkja dei behov FMV har i tida framover. I oppstartfasen får 20 mann arbeid. Alternativet hadde vore å leggja produksjonen til utlandet, opplyser verftsdirektør Hugo Strand.



FMV har laga ein design for arbeidsbåtar som slår an i marknaden

Geografisk nærhet og moderne produksjonslokaler er viktig med sikte på kort leveringstid, kontroll i byggjefasen og prosjektrisiko, held Strand fram. Han vonar utløysa verdiskaping og ringverknader i Uskedalen. Han og Eidsvik inviterar andre med behov for areal til verftsområdet.

Produksjonen skal skje i den store allen og kolliderar ikkje med andre utleigeavtalar.

Dagleg leiar for Eidsvik Eigedom Svein Arne Eidsvik er imponert over kva Fitjar-verksemda har fått til innan havbruk. Han er i samband med avtala tilsett i 50 prosent stilling i FMV og er svært glad for den løysinga som no er eit faktum.

Strand kommenterar tilsettinga slik:

- Han er for god til ikkje å driva med skipsbyggjing og vi er glade for å få ein slik kapasitet inn på laget.

FMV har sidan 1999 bygd 15 fiskebåtar og 6 offshorebåtar. For arbeidsbåtar som det her er tale om har dei utvikla eit eige design som har vorte godt motteke i marknaden etter at det har kome nye krav til konstruksjon og tryggleik.

Tekst,foto og nett: Ola Matti Mathisen

Foto. FMV